



Statens vegvesen
Region vest, Askedalen 4,
6863 Leikanger
firmapost-vest@vegvesen.no

Hjelmeland/Kinsarvik 20.11.2017

Høyringsuttale: Rv 13 Oppstart regulering ferjeleiene Sande/Hjelmeland og Nesvik, Hjelmeland kommune

Fjordvegen Rute 13 er eit samarbeidsorgan for kommunar, tre fylkeskommunar og sentrale næringsaktørar langs heile Rv 13 frå Sandnes/Stavanger til Balestrand i nord. Selskapet arbeider for utvikling av heile Rv 13-området med trygg og rassikker veg med gul midtstripe. Me arbeider og med reiseruteutvikling saman med destinasjonsselskap og konkrete reiselivsbedrifter, då gjerne knytt opp til at Fjordvegen har tre nasjonale turistveger.

Fjordvegen Rute 13 syner til vegvesenet sitt ønskje om synspunkt, innspel eller andre relevante opplysninger ved oppstart regulering av to ferjeleiier i Hjelmeland kommune, Sande og Nesvik. Ei tidleg skisse for Hjelmeland ferjeleie framlagt på møtet i dag 20.11. er og utgangspunkt for vår uttale.

Fjordvegen Rute 13 har følgjande synspunkt før reguleringsplanane blir utarbeidde:

Omsyn til lokalsamfunn:

Det er positivt å finna løysingar for bruk av ny teknologi som gir lågast mogeleg miljøkonsekvens, men omsynet til viktige funksjonar for lokalsamfunnet og eit fungerande kommunesenter må og telja.

Kommunesenteret Hjelmeland er og midt i ein positiv planprosess for sentrumsutvikling med tre profesjonelle arkitektteam og brei deltaking av fastbuande og næringsdrivande.

Me venta og at dei overordna reint transportmessige funksjonelle tilhøva blir sett i samanheng med lokalsamfunnsbehova i same områda og på begge sider av ferjeleia. SVV er ein stor samfunnsaktør der ein må kunne venta høg kompetanse på samarbeide og samordning av interesser.

Me ønskjer at ny teknologi og blir prøvd ut for fleksibel arealbruk, t.d. for styring av bruk av oppstilingsareal i dei lange periodane med låg trafikk. Her bør ein kunne testa ut alternativ bruk.

Mobilitetsknutepunkt og auke i kollektive løysingar etter opning av Ryfast:

Å kunne løysa funksjonsblandinga på og rundt begge ferjeleiie med omsyn til mange brukargrupper samordna med nye transportløysingar, blir vesentleg. Me vil påpeika behovet i reguleringsprosessen for god kontakt og samordning med kommune, lokale næringsaktørar, destinasjonsselskap og kollektivselskap.

Begge ferjeleie er viktige som kollektivknutepunkt pr dato, og vil for lokalsamfunn og turistar bli enno viktigare etter opning av Ryfast i 2019. Me ventar at det vert tatt høgde for at områda blir attraktive å skifta transportmiddel og eventuelt venta i. Gjennomreisande av alle typar har behov for dei same tilboda som lokalt buande og baseferiegjester, berre i kortare tidsrom.

Nasjonal turistveg Ryfylke:

Me ventar at Statens vegvesen som regulant internt samordnar seg og tek omsyn til statusen til Nasjonal turistveg Ryfylke. Det må vera interessant å få til ein vellukka implementering i ein nasjonal turistveg av det grøne skiftet og nye tekniske løysingar knytt til større auka ferjebruk, lading og hydrogendrift. Utforming av servicebygg og nye bygg for kiosk/handel (erstatning ved riving) må få plassering og funksjonell og estetisk utforming på det nivået som er sett for dei nasjonale turistvegane.

Fjordvegen Rute 13 ønskjer at alle tre turistvegane langs Fjordvegen skal ha same høve opplevingskvalitetar, også på ferjeleier på vegen.

Kinsarvik, 20. november 2017

For Fjordvegen Rute 13

Gerd Helen Bø
styreleiar

Jostein Eitrheim
dagleg leiar

Kopi:
Hjelmeland kommune
Ryfylke IKS